



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
01.11.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/1286 432.3
Dykkar referanse

Folgefonna nasjonalparkstyre
Postboks 7310
5020 Bergen

Klage på vedtak om nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde

Folgefonna nasjonalparkstyre har gitt dispensasjon til nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Fylkesmannen meiner tiltaket vil verke inn på vesentlege verneinteressene og vere i strid med verneformålet. Fylkesmannen viser og til at vedtaket ikkje er grunngjeve i tråd med krav i naturmangfaldlova § 48, og meiner på denne bakgrunn at vedtaket er ugyldig.

Fylkesmannen har påklaga vedtaket i nasjonalparkstyret.

Fylkesmannen har e-post av 31. oktober klaga på vedtak 21/12 i Folgefonna nasjonalparkstyre, jf. saksprotokoll frå møte i nasjonalparkstyret 21. september 2012. Nedafor følgjer grunngjeving for klagen.

Miljøverndepartementet har fastsett vedtekter for nasjonalparkstyret for Folgefonna nasjonalpark. I tråd med pkt. 2 i vedtektene har styret mynde til å forvalte verneområda innafor ramma gitt av naturmangfaldlova og verneforskrifta. Pkt. 12 gir Fylkesmannen klagerett på vedtak i styret.

Fylkesmannen fekk møteprotokoll frå styret 10. oktober 2012, men denne vart ved inkurie feilført nasjonalparkforvaltar for Folgefonna. Protokollen vart difor journalført i vår postjournal 31. oktober 2012 med klagefrist 21. november 2012.

Fylkesmannen viser til følgjande vedtak:

«Vedtak:

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok samrøystes å gje Sigurd Hatteberg løyve til nydyrking gnr. 87 bnr. 11 i Hattebergsdalen landskapsvernområde, Kvinnherad kommune. Løyvet er gjeve med heimel i § 48 i naturmangfaldlova.

Folgefonna nasjonalparkstyre er positiv til søknad om løyve til nydyrking på gnr. 87 bnr. 11 i Hattebergsdalen landskapsvernområde, Kvinnherad.

Nasjonalparkstyret er positiv til ei utvikling i landbruket også i omsøkte område i samarbeid med bruk og vern.

Folgefonna nasjonalparkstyre gjer merksam på at saka også skal handsamast av Kvinnherad kommune».

Bakgrunn

Søknaden gjeld oppdyrking av 5 dekar som i dag er innmarksbeite. Grunngevinga for søknaden er at tiltakshavar manglar 30 dekar på sin eigedom til å ha nok arealgrunnlag for mjølkekvoten, og ønskjer difor å auke areal til produksjon av grovfôr. Han har inngått leigeavtale med eigar av gnr. 67 bnr. 11, og opplyser at han ikkje ser noko alternativt areal.

Kommunen uttaler at det er vanskeleg å skaffe ekstra areal i denne delen av kommunen. Grunngevinga for at søkjar vil nytte eit verneområde til nytt dyrkingsareal er ikkje oppgitt ut over dette.

Det aktuelle området framstår som ope beitemark med mykje stein, og har ikkje med karakter av fulldyrka landbruksområde. Området ligg i ytterkant av landskapsvernområdet.

I forvaltningsplanen står det at kulturlandskapet er ein viktig estetisk kvalitet ved landskapsvernområdet. Drifta i dalføret er prega av lang tids landbruksdrift, men er i dag mest knytt til beiting. I planen er det fastsett mål om at kulturlandskapet i nedre deler av verneområde skal haldast i hevd utan nemnande nye teknisk inngrep.

Det er forbod mot nydyrking, jf. verneforskrifta pkt. 3 1.1. I dispensasjonsvedtaket er det vist til heimel i naturmangfaldlova § 48, til at ein er positiv til utvikling i landbruket og til «samarbeid med bruk og vern». Styret har ikkje diskutert tilhøvet til verneformålet eller påverknad på verneverdiane.

Fylkesmannen viser til fleire saksopplysningar i saksframlegget.

Fylkesmannens vurdering av grunnlag for å gje dispensasjon

Følgjande punkt i verneforskrifta er sentrale:

§2 Verneformålet:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne

§ 3 pkt. 1.1. Vernereglar - Landskapet:

- Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

Fylkesmannen meiner omgjerjing av beiteområde til fulldyrka mark vil påverke opplevingsverdien og kulturlandskapet i landskapsvernområdet. Aktuelt areal ligg sentralt ved inngangen til verneområdet, der ein ser innover heile dalføret. Tiltaket vil vere synleg der det ligg i eit relativt smalt og lite dalføre. Kulturlandskap og opplevingskvalitetar er viktig delar av verneformålet. Drift av landbruksareal skal skje innafor ramma av vernereglane og forvaltningsplanen, og beiting er viktigaste driftsmåte. Å auke område med fulldyrka areal ytterlegare innafor verneområdet vil påverke landskapet sin art eller karakter negativt.

Fylkesmannens meiner ut frå dette at tiltaket er i strid med verneformålet og vil gå ut over vesentlege verneinteresser.

Fylkesmannens vurdering etter naturmangfaldlova

Fylkesmannen viser til at styret har ikkje vurdert saka ut frå vilkår som gjeld for å gje dispensasjon. Vi viser her til følgjande utdrag frå § 48:

«Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette

Vedtaket er heller ikkje diskutert etter prinsippa i naturmangfaldlova, jf. § 7 om å leggje til grunn §§ 8-12, og at vurderinga skal gå fram av vedtaket.

Fylkesmannen meiner difor at vedtaket til nasjonalparkstyret er ugyldig.

Krav i naturmangfaldlova § 12 om å unngå eller avgrense skade på naturmangfald tek mellom anna utgangspunkt i ein skal vurdere alternativ lokalisering og driftsmetode. Opplysningar i søknaden er etter vårt skjønn ikkje tilstrekkeleg til å konkludere med at det ikkje finst andre alternativ som vil kunne dekke søker sitt behov for meir grovfôr.

Verneverdiane i Hattebergsdalen landskapsvernområde er godt dokumentert i konsekvensutgreiinga som låg til grunn for vernevedtaket. Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet er tilstrekkeleg for å gjere vedtak i saka. Føre-var prinsippet får difor liten vekt i denne saka. Jf. § 8 og 9.

Etter at Hattebergsdalen landskapsvernområde vart oppretta er det bygd ny kraftstasjon og nytt anlegg for vassbehandling inst i dalen. Tidlegare inngrep knytt til landbruk pregar dalen mykje, inkludert fulldyrka område. Nye arealinngrep vil påverke verneverdiane i verneområdet og føre til at samla belastning på naturmangfaldet blir for stort, jf. § 10.

Konklusjon:

Fylkesmannen meiner at nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde vil vere i strid med verneformålet og verke inn på vesentlege verneinteresser. Vedtaket i Folgefonna nasjonalparkstyre er ikkje grunngjeve i tråd med krav i naturmangfaldlova § 48, jf. § 7. Fylkesmannen meiner på denne bakgrunn at vedtaket er ugyldig.

Fylkesmannen har påklaga vedtaket.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
fungerande fylkesmiljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Vedtak Folgefonna nasjonalparkstyre. Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre – 21.09.2012. Saksnummer 21/12. Løyve til nydyrking på gnr. 87 bnr. 11 i Hattebergsdalen landskapsvernområde, Kvinnherad kommune

Kopi til:

Miljøverndepartementet
Direktoratet for naturforvaltning (DN)
Kvinnherad kommune
Sigurd Hatteberg